

Eirik Moen til minne

Av Bjørn Austigard

Eirik Moen er død, 90 år gammel. Sjølv om han var ein gammal mann, kom bortgangen brått. Berre ei veke før det var slutt, sat han i fullt arbeid med å tekste gamle bilete frå heimbygda. Han hadde arbeids glede til det siste, og han hadde fleire artiklar under arbeid då han vart alvorleg sjuk.

Eirik Moen var fødd i Måndalen i 5. februar 1912. Han voks opp i ein heim med aktive ungdomslagsfolk, og sjølv kom han tidleg med i dette arbeidet. Dette var ein god skule for ein oppvakt ungdom, og heile livet arbeidde han ut frå den frilynde ungdomsrørsla sine idear og ideal. Sjølv om han storparten av sitt vaksne liv budde i by, vart han talsmann og tenar for bygdene og bygdekulturen til sin døyan dag. Han likte å skrive, og det vari ungdomslagsavisa i Måndalen at han debuterte. Etter endt middelskule og handelsskule kom skrivearbeidet inn i fastare former, og både før og etter andre verds krigen arbeidde han i «Gula Tidend» i Bergen. I åra 1947-48 var han redaktør i nyskapningen «Romsdalsbladet» som kom ut på Åndalsnes.

I Molde dreiv Romsdal Ungdomssamlag Romsdalsheimen og fleire andre lagsbruk, og her vart Eirik Moen tilsett som forretningsfører i 1956. Denne stillinga hadde han til han gjekk av ved oppnådd aldersgrense. Han var også skrivar for Ungdomssamlaget og dermed bladstyrar for «Unge Romsdal» og «Jul i Romsdal» frå 1956 til 1970. I desse

åra reiste han mykje og deltok på tallause møte og festar rundt om i ungdomslaga. Han var ein etterspurd 17. maitalar, og i tråd med gamle ideal gjorde han dette gratis. Då Sogelaget valde nemnd for minnesmerket over Håkon Herdebrei 1162-1962, vart Eirik Moen skrivar for nemnda, og i åra 1971-74 var han revisor i laget.

«Snakk dialekt, skriv nynorsk» var eit kjent mållagsslagord. Gjennom heile livet praktiserte Eirik Moen dette. I ei lang rad talar og kåseri i alle slag forsamlingar var han levande reklame for velklingande romsdalsmål, ikkje berre lokalt, men også i programposten «Middagsstunden» på NRK, der han var fast kåsør. Han styremedlem i både Molde mållag og Romsdal mållag i fleire periodar, og heile livet var han oppteken av språkrøkt.

Eg vart personleg kjend med Eirik Moen først etter at eg vart tilsett på Romsdalsmuseet i 1975. Straks merka eg kor grundig han førebudde seg til alt han gjorde. I dei slentrande kåseria sine hadde han kvart eit ord nedskrive. På humoristisk vis «sparka» han både hit og dit, og for tilhøyraren kunne det verke som om han kom på det medan han stod der. I praksis var alt innstudert ved skrivebordet. Den skriftlege uttrykksmåten hans fall så naturleg - og han var så flink til å lese - at det støtt var ein fest når han hadde ordet. Stor var derfor dagen då kåserisamlinga «Det datt ned ein binders-» kom ut i 1993. Fem år seinare kom kåseria ut i ei lydbok der han sjølv las. Romsdal sogelag hadde gleda av å stå som forleggjar for dei baa.

Gjennom åra fekk vi fleire og fleire møteplassar. Han var ofte på Romsdalsmuseet både som publikum og talar. Han var sentral i avdukinga av Mali-steinen (1978) og med Bjørnsonjubileet i 1982 som i 1957. På oppmoding skreiv han i fleire år spelstykket til det årlege olsoarrangementet på museet. Han var sjølv instruktør, og det var tydeleg å sjå korleis minna frå unge år då han sjølv stod på scena, kom fram for han. For Romsdal sogelags årsskrift skreiv han artiklar alle år frå 1986 til 2001, og han hadde eit nytt bidrag under arbeid då han gjekk bort. Som regel skreiv han om sjølvvalde emne, men han tok gjerne på seg å skrive om ting som få eller ingen før hadde behandla. Han sa sjølv at han var glad i statistikk. Innfallsvinkelen hans til artiklane var ofte original, derfor greidde han å skrive svært interessante artiklar med bakgrunn i tørre tal han hadde funne i ymse kjelder. Som døme kan eg nem-


ne artiklar som «Gardkjerringar og barnefødsjar» (1989), «Ordknappe romsdalsordførarar og taletrengde sunnmøringar» (1993) og «Då romsdalingane vart avislesarar» (1997). Hans utruleg store basis-kunnskap om bygdeliv gjorde han i stand til å setje mest alle emne inn i ein naturleg samanheng. Dette var sider ved forfattarskapen hans som det vart lagt merke til langt inn i universitets- og høgskulemiljøet.

Eirik Moen har skriva fleire jubileumbøker. Oppdragsgjevarane har vore så ulike som Romsdal ungdomssamlag, pelsdyrslag, bondekvinnelag og husmorskule. Sett frå ein historisk synsstad trur

eg likevel han nådde lengst i det tredje bandet av «Bygdaboka for Voll». Observant som han var, kjende han alle sider ved bygdekulturen og folkelivet frå gammalt av. Han har derfor på ein meisterleg måte formidla dette vidare til kommande slekter langt ut over gamle Voll kommune.

Eirik Moen fekk mange prisar for den kulturelle innsatsen sin. Det starta med Romsdal Ungdomssamlags kulturpris i 1982 og Romsdals Fellesbanks kulturpris i 1984. Så kom på rad og rekke Romsdal mållags målpris 1992, Rauma kommunes kulturpris i 1995, og Møre og Romsdal fylkeskommune med sin kulturpris 1998. Dette seier kanskje meir enn ord at det er mange som har sett verdien i arbeidet hans. Sjølv hadde eg den glede å møte han kvar onsdag i heile vinterhalvåret gjennom fråhaldsarbeid, eitt av dei mange standpunkta vi hadde felles. Han var ein generasjon eldre enn eg. Kanskje var det derfor samværet med han støtt var så gjevande.

Vi er mange som minnest han med glede og takksemd - for det han *var* og for det han **fekk gjort**.



Eirik Moen

Bjørn Austigard

Eirik Moens forfatterskap

Bøker og hefte:

Romsdal Husmorskule 1921-1971. Molde 1971,32 s.

Den frilynde ungdomsrørsla i Romsdal. Romsdal Ungdomssamlag 1895-1970. Molde 1974,265 s.

Romsdal Pelsdyrslag 50 år. 1930-1980. Molde 1980, 34 s.

Bygdaboka for Voll. III. Den gamle bygda. Molde 1991,653 s.

Det datt ned ein binders - Kåseri og avisstubar i utval. Molde 1993,221 s. (Utgitt også som lydbok, 8 t)

Møre og Romsdal Bondekvinnelag 50 år. 1947-1997. Molde 1997, 136 s.

Omsette bøker:

Gjest Bårdsen. Soga som han sjølv skreiv. Fonna Forlag, Oslo 1942, 194 s.

Romsdal sogelags årsskrift:

1960: Anton Aure. s. 3-8

Veten på Lunds fjellet. s. 67

1973: Peder Vik til minne. s. 121-122

1982: Einar Berg til minne. s. 204-205

1986: Glimt frå livet i 1841. Eit døme frå Måndalen. s. 49-54

Asbjørn Sæbø til minne. s. 196

1987: Då mannfolka ville lære kvinnfolka å stelle heime. s. 19-25

1988: Romsdalsbladet og Romsdalsk Reising. 48-54

1989: Gardkjerringar og barnefødsjar. s. 59-67

Romsdal Mållag 90 år. s. 125-136

1990: A. O. Sand - skulestyrar og ungdomsleiar. s. 117-139

1991: Garden og gardbrukaren. Åra 1882-1923 på Bårsgarda i Måndala. s. 43-56

1992: Møteplassar og samværsformer. Minne frå mellomkrigstida. s.7-28

1993: Ordknappe romsdalsordførarar og taletrengde sunnmøringar. Frå det gamle fylkestinget. s. 63-72

1994: Ein lettsinndig formastelse. Visedikting i Måndalen på 1700-talet. s. 56-60

- 1995: På veg inn i det lokale sjølvstyret. Om kommunestyling i Voll 1838-1964. s. 139-152
- 1996: Posten og bygdefolket. Ein viktig del av livet i Måndalen i 125 år. s. 63-74
- 1997: Då romsdalingane var avislesarar. s. 51-59
- 1998: Han sette farge på kvardagen. Erling Moen - forfattar, kritikar, lærar. s. 63-76
- 1999: «Store dagar og stutte neter-«. Frå slåttonna i Måndalen i 1920-30-åra. s. 171-186
- 2000: Å bryte jord. Nydyrking i Voll i mellomkrigstida. s. 135-146
- 2001: Mannen han gjekk seg i vedaskog. Om vedhogging og skived. 172-196
- 2002: Møk-frau-gjødsel. Ei skisse til ein artikkel. s. 314

Artiklar og bidrag i

Krigstida 1940-45, 7 sider i «Bygdaboka for Voll», Bind I, Volda 1979

Etterkrigsår i bladstova, 5 sider i «Gula Tiend i 75 år», Bergen 1979

Tale ved avduking av Malisteinen. «Romsdalsmuseets årbok 1980», s. 8-12

Møre og Romsdal i nær fortid, *om lesing og politikk*, 3 sider tilsaman, Oslo 1984

Finnskjegg. Kring 400 avisstubar under denne signaturen i avisa «Fylket», Molde 1974-1984

Turisthandel, 2 sider i «Kort og godt. Bergenske penneknektar gjennom 100 år». Bergen 2002

Jul i Romsdal

1950: Kvar vart det av mennesket. 2 s.

1970: Mellom grannar. 2 s.

1971: Romsdalsstemne for 75 år sidan. 3 s. (ikkje signert)

1972: Alt i 1908 opna Romsdal Ungdomssamlag den første kaffistova i Molde. 3 s. (ikkje signert)

1974: På vandringsveg våren 1940. 4 s.

1977: Kring Julebordet. 2 s.

1979: Å gå over grensa. 2 s.

1980: Minnemåltidet. 3 s.

- 1981: Oppvask. Ei scene frå våre dagar. 2 s.
1982: Lagsbruka vare. Ikkje berre mat og seng. 4 s.
Frå storslåstar til skrivande bonde. 2 s.
1983: Ungdommen rasa, sa kjerringa, ho hoppa over eit halmstrå. 1 s.
1984: Ei ulukke kjem sjeldan åleine, sa jenta ho fekk tvillingar. 1 s.
1985: På vona gjort sa mannen, han skaut etter månen. 2 s.
1986: Ærlegdom varer lengst. 2 s.
1987: Ha dette målet vore i ein bukk. 1 s.
1988: Jul i Romsdal. 1 s.
1989: Jul i Romsdal 60 år. 2 s.
1991: Ola Langset. 1 s.
1992: Slutten på jul. 1 s.
1994: Folkelynne og miljø. 2 s.
1999: Juleheftet som overlever. 4 s.
2000: Å spreie kultur. 2 s.
2001: Det var noko me kalla småjul. 2 s.

Spelstykke skrivne for olsokarrangementet på Romsdalsmuseet

- 1992: Eit tidsbilete
1993: Kvindens plass....
1994: Ettermiddagskaffe
1995: Folk og rev